

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
EKV - Vasskraftkonsesjonar  
Attn: Heidi Botheim  
Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO  
nve@nve.no / heib@nve.no

Kvinlog, 17. april 2026

## **NVE Sak 202311118 – Høyringsbrev 202404842-15**

### **Tilsvar på høyringsuttalar til søknad om konsesjon for bygging og drift av eit småskala vasskraftverk i Kleivebekken, i Kvinlog i Kvinesdal.**

Vi takkar for oppfylgning av konsesjonssøknaden med korresponderande høyringsbrev 19. januar 2026.

Våre merknadar til dei respektive høyringspartane fylgjer nedanfor:

#### **Replikkar til Mattilsynet sitt høyringssvar – Referanse 2026/15386**

1. Tiltakshavar vil i detaljplanarbeidet avklare om vassforsyninga til området kan bli influert i anleggs- og driftsfasen, herunder framlegge forslag til eventuelle avbøtande og kompensierende tiltak for dei respektive si drikkevassforsyning. Vanleg hushaldningsforbruk er 120–200 liter per person per døgn, der “spisslast” sjølvsagt må omsyntakast.
2. Mattilsynet ber om dokumentasjon på tiltaket sin influens på villfisk både i anleggsfasen og i driftsfasen. Hertil siterer vi frå rådgjevande biologfirma ECO-Fact i Sandnes sin rapport:

*“Det er ikke laks i vassdraget. Elvemusling er ikke kjent, og det er på bakgrunn av elvestrekkets utforming og manglende forekomst av anadrom fisk svært lite sannsynlig at arten finnes i Kleivebekken. Det er ikke gjort noen undersøkelse av fisk i forbindelse med denne rapporten, men det er sannsynlig at en og annen ørret fra Fjotlandsvatnet kan finne vei nedover i elvesystemet. Det er lite egnede gytearealer i det undersøkte bekkeløpet, som stedvis renner hurtig og bratt, med en betydelig forekomst av store steinblokker. Elven kan ikke ses å ha noen særlig verdi for fisk.”*

Ut i frå biologen sitt råd vurderer tiltakshavar det ikkje som nødvendig å iverksette avbøtande tiltak for villfisk utover den minstevassføringa som NVE fastset i eit konsesjonsvedtak, men vi vil sjølv sagt omsynta dette dersom det blir eit formelt vilkår frå direktoratet.

3. Mattilsynet ynskjer kartlegging av eventuell flôghavre og planteskadegjerarar. Tiltakshavar vil her påpeke at heile tiltaket ligg i utmark utan jordbruksareal, og alle masseflyttingar vil påreknelig bli gjort internt innan planområdet, med unntak av eventuell tiltransportert pukk. Tiltakshavar meiner difor at dette forslaget er irrelevant. Det er ei heller næringsproduksjon av nyttevekstar som korn, rotfrukter, grønnsaker, frukt, bær osv, i nærområdet, ifht. tematikken om planteskadegjerarar. Sluttleg vil tiltakshavar elles vise til NyeVeier sin "E39-rapport om matjord" pr. 09.03.2023, som seier at det ikkje er førekomstar av flôghavre i kommunen pr d.d.

### **Replikkar til Direktoratet for mineralforvaltning sitt høyringssvar – Referanse 26/363-2**

1. Tiltakshavar har notert DMF sitt innspel om undersøking av lokale overskotsmassar er eigna til opparbeiding av tiltaket. Det er ein god idé – men forutset at sluttresultatet kan bli i samsvar med leggemanualen til leverandøren. Typisk omfyllingsmasse for GRP-røyr er drenerande, velgradert, kanta/friksjonsrik og knust pukk, 4-16 mm. Tematikken skal undersøkast nærare i detaljplanlegginga.
2. Tiltakshavar har notert meldeplikta for uttak av mineralske ressursar >500 m<sup>3</sup>.

### **Replikkar til Agder Fylkeskommune sitt høyringssvar – Referanse 26/20511-6**

1. Tiltakshavar vil i ein detaljplanfase sjølv sagt søkje om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen for bygging av inntak og den fyrste røyrgate-parsellen.
2. Tiltakshavar vil når den tid kjem, slik som Fylkeskommunen påpekar, også søkje om endra avkøyrsebruk for riggområdet, for midlertidig anleggsveg og for permanent kryssing av fylkesvegen med røyrkata og høgspenst kabel, fiberkabel og signalkabel.
3. I den teknisk detalplanen/prosjekteringa skal sjølv sagt tema vegstabilitet inngå.
4. Tilkomsten til inntaket i driftsfasen skal i grove trekk fylgje traséen for den nedgravne røyrkata. Dette skal framgå av detaljplanen.
5. Inntakskonstruksjonen skal sjølv sagt byggast på grunn- og falleigarane sin eigen matrikkel, 4227-203/4.
6. Vassområdekoordinatoren meiner utbygginga kan vere negativ sett ut frå eit folkehelseperspektiv, då bekken er i nærområdet til ein leikeplass, og ikkje langt unna ein barnehage. Hertil vil tiltakshavar påpeke at tiltakshavar sjølv er gruneigaren, og at det føreligg ingen tinglyst festerett for leikeplassen/gapahuken. Det er grunneigaren sjølv som har tilrettelagt for at "den unge garde"/oppveksande slekt ved behov kan disponere eit eigna nært uteområde.

7. Vassområdekoordinatoren ser ikkje bort frå at ei utbygging kan medføre eit tap av estetisk verdi, samt påverke trivsel og høvet for dei unge til lærdom om akvatiske økosystem.
- Tiltakshavar tillet seg her å påpeke at estetikk avheng av auga som ser, og på Kvinlog er det ikkje mangel på småbekkar som kan gjeve dei unge smakebitar av det akvatiske livsmiljøet.
- I forhold til vassområdekoordinatoren sitt poeng om lærdom for dei unge, så har vedkomande gløymt å påpeke at ein liten “kvernkall” i bekken kan inspirere den unge garde til å bli ingeniørar i “det grønne skiftet” ein framtidsdag.
- Ei heller har koordinatoren påpeka at eit lite kraftverk på garden aukar attraksjonsverdien for odelsarvingen, slik at dei unge skulerte etter kvart vil flytte heim att til bygda – som motvekt til urbaniseringstrenden i samfunnet ....
8. Eventuelt anleggsarbeid skal sjølvstøtt synkroniserast med barnehagen sin bruk av området. Reaksjonsverdien vil neppe bli svekka, tiltakshavar kan eksempelvis etter slutført anleggsarbeid medverke med nye benkar, vassbaserte leikeapparat, nokre lyktestolpar osv., slik at området sin rekreasjonsverdi defacto aukar monaleg. “Den gamle og den nye tid” .....
9. AFK skrivar at området kan vere potensiell vandringsveg for ål. Tiltakshavar vil her påpeke at dokumentasjon på ål i Kvina-vassdraget er lenger nedstraums, pårekneleg i Liknes – Rafoss-området. Kvinlog og Fjotland ligg ligg derimot ganske langt frå havet, og høgt oppe i vassdraget med fleire vandringshinder på strekninga som i vesentleg grad reduserer lokaliteten som attraktiv habitat for ål.

Elles så tillet tiltakshavar seg å påpeke at Fylkeskommunen er noko einsidig i sin høyringsuttale – det må kunne forventast av eit regionalt forvaltningsorgan at har eit differensiert perspektiv, der ulike omsyn og faktorar blir vekta og drøfta for eit meir balansert høyringssvar.

Eksempelvis har Agder Fylkesting i “Regionplan 2030” vedteke at Agder Fylkeskommune skal lage ein regional plan for grøn industri og produksjon av rein energi, for å sette kursen mot eit lågutsleppssamfunn. Planarbeidet er nå i fase 2, med utvikling av kunnskapsgrunnlaget frametter våren 2026.

<http://agderfk.no/vare-tjenester/planlegging/pagaende-planarbeid/regional-plan-for-gronn-industri-og-energi/>

## **Replikkar til Kvinesdal kommune sitt høyringssvar – Referanse 26/00116-8**

Tiltakshavar er takksam for at at Forvaltningsutvalet i kommunen meiner at behovet for ny fornybar kraft veg tungt, og at dei stør utbyggingsforslaget.

Tiltakshavar takkar for konstruktive innspel til prosjektet, og har fylgjande kommentarar;

1. Detaljplanen, LMP/MTA, vi vil sjølvstøtt inkludere forslag til avbøtande tiltak knytt til forureining og avrenning.
2. Nokre reirkasser for fossefall vil bli utplassert, med lokalisering etter rådføring med ornitologisk kyndige fagfolk.

3. Vi vil sjølvsagt også i detaljplanarbeidet kvalitetssikre at tiltaket ikkje influerer på grunnvassbrønner/vassforsyninga i det kommunale nettet.
4. Det er ein god idé, og eit sjølvsagt initiativ, at før oppstart av detaljplan-skriving, så må det gjennomførast befaring med barnehagen & teknisk drift. Tiltakshavaren vil utarbeide ein "synfarings-protokoll" som m.a. dokumenterer avklart linjeføring på vassvegen ifht. lavoen og høgdebassenget, og som samtidig omtalar den praktiske gjennomføringa av eit eventuelt anleggsarbeid.
5. Minstevassføring er viktig, og tiltakshavar vil sjølvsagt omsynta alle dei vilkår som NVE fastset som avbøtande tiltak.
6. Sikringsavstand til regulerte tomter i Kleivebakken skal bli ivareteke.

### Epilog

Kleivebekkjen Kraft AS tenkjer at i ein detaljplan- og gjennomføringsfase, så vil det vere aktuelt å etablere ei referansegruppe med representantar frå lokalmiljøet, grannelaget, ulike interessentar og fagmiljø – slik at sluttresultatet blir optimalisert, og best mogleg omsyneteke alle innspel !

Vi ser fram til synfaring med NVE 2. juni og inviterte høyringspartar !

Med helsing  
for Kleivebekkjen Kraft AS



Tom Arnt Lindeland  
Styreleiar

\_\_\_\_\_ (sign.) \_\_\_\_\_  
John Ingve Kvinlaug  
Dagleg leiar

**KOPI:** Grunn- og falleligarane